

ÅRSMELDING 2015 FRÅ ELDRERÅDET I VAKSDAL

ELDRERÅDET SINE OPPGÅVER/FØREMÅL

Eldrerådet er eit lovpålagt organ som vert valt av Kommunestyret for valperioden jamfør Lov om kommunale og fylkeskommunale eldreråd. Eldrerådet er eit rådgjevande organ for kommunen og skal behandla alle saker som gjeld levekåra for eldre. Eldrerådet kan også sjølv ta opp saker til behandling.

SAMANSETJING

Eldrerådet har i 2015, fram til kommunestyrevalet, vore samansett slik:

Albert Larsen, leiar
Bjarnhild Helle, nestleiar
Torunn Eikemo
Arne Normann (politikar)
Helge Risnes (politikar)

Etter val av nytt kommunestyre hausten 2015 vart Eldrerådet samansett slik:

Helge Risnes, leiar
Bjarnhild Helle, nestleiar
Agnar Sellevold
Sigmund Simmenes (politikar)
Karin Groth (politikar)

2 av medlemmene er politisk valde og 3 er valde etter framlegg frå pensjonistlaga i kommunen, i samsvar med kommunestyrevedtak i sak 0001/03.

SAKER I ELDRERÅDET

Eldrerådet har i året hatt 3 møte og behandla 16 saker, m.a.: Den kulturelle spaserstokken – program og tildeling av midlar, høyringsuttale til rullering av kommuneplan, rekneskap og årsmelding for Vaksdal kommune, økonomiplan og budsjett for Vaksdal kommune, høyringsuttale og 1. gongs handsaming av kommunedelplan helse og omsorg.

Elles har eldrerådet fått orientering om m.a. prosessen med ny kommunestruktur, arbeidet til Levekårsutvalet, arbeidet med ny kulturplan, legevakt og mogeleg ny avtale om interkommunal legevakt med Voss kommune, kjernejournal, oppstart av kvardagsrehabilitering, arbeidet med opprusting av Gatå, bruk av teknologi i helse og omsorg og nettbrett i heimetenesta.



Eldrerådet var arrangør av Eldredagen 1. oktober i Bedehuset på Dale. Eldredagen vart markert med festleg samkome for tiande året på rad, og som alltid var det god oppslutnad.

Dale 23.02.2016

Helge Risnes /s/ Bjarnhild Helle /s/ Agnar Sellevold /s/

Karin Groth /s/ Sigmund Simmenes /s/